

**Sakshandsamar:**

Ole Ingar Hagen Hæreid
E-post: Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no
Tlf.: 41530954

Vår ref.

Sak nr.: 19/586-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

19/784

Dato

LEIKANGER, 01.03.2019

Fjaler kommune
Dalstunet 20

6963 DALE I SUNNFJORD

Svar - Søknad om omlegging av Fv 65 ved Våge barne og ungdomsskule

I 2018 fekk Fjaler kommune tildelt TIK-midlar til planlegging og prosjektering for etablering av trygg trafikkavvikling ved Våge skule og barnehage. I søknaden gjekk det fram at trafikksituasjonen ved skulen ikkje var tilfredsstillande og at trafikken ved skulen har auka.

I brev av 28.01.19 søker kommunen om 3,4 mill. kr til omlegging av fv. 65 ved Våge barne og ungdomsskule. Søknaden kom inn for seint til at den kunne leggest fram som sak for tildeling av TIK-midlar for 2019.

Omlegging av fv. 65 ved Våge barne og ungdomsskule må vurderast og prioriterast opp mot andre investeringsprosjekt i Sogn og Fjordane. Dette prosjektet er ikkje prioritert i Regional transportplan 2018 – 2027 eller i investeringsprogrammet for 2019 – 2022. I perioden 2019 – 2022 er det sett av midlar til tiltak for framkome og tryggleik som ikkje er fordelt. I 2019 er det ikkje midlar til slike tiltak.

Ei eventuell tildeling av midlar til dette prosjektet må vurderast i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet i Vestland fylkeskommune frå 2020 eller ved revisjon av Regional transportplan.

Med helsing

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Ole Ingar Hagen Hæreid
plan- og beredskapsleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD

Kopi til: